



ØLVE INDUSTRIER AS

Ølvesvegen 385

5637 ØLVE

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Saksnummer	Dykkar ref.	Dato
Svein Marken	952 12 653	2022/3515		30.09.2022

Mangelbrev - Ett-trinns søknad - 12/39

Viser til søknad, journalført 28.09.2022.

Dokumentasjon som manglar.

1.

Tiltakshavar som vil oppføre bygning eller utføre bygningsmessig arbeid som er søknadspliktig etter plan - og bygningslova, og der bygget skal nyttast, eller sannsynligvis vil bli nytta av verksemd som er omfatta av arbeidsmiljølova lyt ha samtykke frå Arbeidstilsynet.

De lyt opplyse saka med samtykke frå Arbeidstilsynet.

Til orientering;

Det er no mogeleg å søkje slik samtykke elektronisk, og om all naudsynt dokumentasjon er lagt ved søknad vil slikt samtykke kunne gjevast like etter at søknad er sendt inn.

2.

Det vart 19.09.2022 gjeve delegert dispensasjon frå byggegrensa mot sjø og § 8; Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone i Kommuneplanen for Kvinnherad 2018- arealdelen, ref. vedtak 2022/458. Klagefristen på dette vedtaket er 3 veker frå vedtaksdato.

Vidare handsaming av byggesøknad vert når klagefrist på 3 veker er gått, og det på saka føreligg samtykke frå Arbeidstilsynet.

Kva må du gjera?

De kan senda dokumentasjon som manglar til kommunen i posten eller elektronisk til post@kvinnherad.kommune.no. Merk saken med saksnummer 2022/3515.

Byggearbeid kan ikkje settast i gang før søknaden er handsama.

Har de spørsmål?

De finn meir informasjon på heimesida vår <https://www.kvinnherad.kommune.no/>

De kan også ta kontakt med oss på e-post post@kvinnherad.kommune.no. Husk å merka e-posten med saksnummer 2022/3515. Vi har telefonvakt tysdag – torsdag frå 09:00 – 15:00.

Med helsing

Byggesaksavdelingen

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.